



Tor Vidar Sæle (til høgre) og Jan Frank Christiansen framfor AFA, der dei er i gang med leiar-skiftet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tor Vidar Sæle er i ferd med å ta over som dagleg leiar for AFA etter Jan Frank Christiansen. Dei er ein mjuk overgang mellom dei to. Jan Frank har framleis nokre oppgåver som han vil fullføra ved bedrifta med 27 yrkeshemma arbeidstakarar.

Overlappinga starta for sju veker sidan og vil halda fram i nokre veker til. Dei to har ikkje ferie, medan AFA starta fire vekers fellesferie denne veka.

Vernepleiaren og AFA-gründaren skal inn i ny jobb som vernepleiar ved Sandviken Sykehus i Bergen frå 1. september.

Då vil ringen vera slutta på meir enn ein måte, for Sandviken er staden som han opprinneleg kjem frå og der skal han også busetta seg no.

Då han vaks opp, heitte Sandviken Sykehus, som no ligg under Haukeland, Nevengården.

Men det var i ei anna tid. Det første Jan Frank hugsar som hadde med sjukehuset å gjera var denne formaninga frå mora då han var seks-sju år:

- Hvis du ikkje oppfører deg pent, kjem du på Nevengården!
 - Og ein slik skjebne stod som noko av det alvorligaste som kunne hende ein, kommenterar Jan Frank.
- No seier ordkunstnaren at han for tida er i ei mentor-rolle.
- Og kva er då Tor Vidar?
 - Han er mentist!

Jan Frank seier at han no skal ut på ei ny reise – inn i menneskesinnet. Og han held fram:

- På Sandviken blir eg ein læregutt i psykiatri, men eg får dei same lønevilkåra som her. Eg skal freista å nytta mitt gode humør til å spreia glede også til dei som treng det.
- Så du får ikkje nokon sjefs-funksjon på din nye arbeidsplass?
- Slett ikkje, og det treng eg heller ikkje. No skal eg spissa livet i høve til det som alle bryr seg mest om: Korleis folk har det og korleis ein kan bidra til at dei får det betre. Det er ei oppgåve som eg ikkje har hatt tid til førebels, for livet mitt har vore prega av for mange filter og omvegar.

No skal eg gå rett på sak og vera menneskje millom andre menneskje. Det har eg sett fram til og hatt trong for lenge. Eg har alltid vore fascinert av å kunne utvida horisonten på dimensjonane i menneskesinnet. Og på ein institusjon som Sandviken finn ein dei grensesprengjande sinn og kan forstå meir om menneskesinnets ubegrensa djubde og dimensjon.

Eg skal både le og gråta med ytterpunkta.

- Så det kan ikkje ende med at du framstår med eit nytt, grenseprengjande prosjekt?
- Det er jo ikkje så lett å vera synleg utan å bli lagt merke til. Men karriere for meg er å stå til teneste. Leiar-rolla har eigentleg aldri vore ei rolle for meg, for lukka i livet kan no eingong ikkje målast i applaus. I alt ein gjer må ein ikkje gløyma individet og at ein må arbeida med kvalitet, svarar AFA-leiaren.

Han er så mykje meir enn leiar av ei pionerbedrift.

Han er til dømes eit gåverikt, skrivande menneskje, som nyleg har registrert sitt eige Ferding Forlag og skreve ei sprudlande bok om ein sykkeltur gjennom Noreg.

No legg han ikkje skjul på at han har meir nytt på bedddingen også i så måte. Til dømes arbeidar han med ei barnebok og trugar også med å skriva noko seriøst!

Og så skal familien få meir av tida hans framover.

Visning av huset på Korsnes blir det i månadsskiftet juli/august, men Jan Frank og Anne Christine har allereie kome langt med flytteprosessen.

Av Ola Matti Mathisen